

Radio Folgefonn,  
Postboks 451,  
5750 ODDA

Kulturdepartementet,  
Kjetil Klunderud rådgiver  
OSLO

## HØYRINGSFRÅSEGN OM LOKALRADIOAR

### *Lokalradioane må få pressestøtte*

Radio Folgefonn er ein allmenradio som har konsesjon i 8 herad (Ullensvang, Jondal, Kvam, Eidfjord, Granvin, Ulvik, Voss og Odda). For å dekkja dette området har lokalradioen sett opp 17 sendarar. Berre vedlikehaldet av eit så omfattande sendarnett kostar årleg store summars.

Elles freistar Radio Folgefonn å spegla mangfaldet i konsesjonsområdet.

M.a. overfører radioen heradstyremøta i Odda og i Kvam. Dessutan sender Radio Folgefonn gudstenester frå Odda kyrkje. Slike programinnslag vil me ikkje finna på reint kommersielle lokalradiostasjonar. Frå styret og den daglege leiinga sin synsstad er Radio Folgefonn ein kanal som skal formidla noko meir enn kjappe nyhende og populærmusikk. Radioen vil formidla mangfaldet i den lokale kulturen og stimulera lokaldemokratiet. Ei slik målsetjing kan føra til at radioen ikkje er eit så attraktivt som reklameorgan som han elles ville ha vore.

Frå konsesjonsområdet vårt vert det årleg overført store summars til medieverksemdar i dei store byane, og det er ingen tvil om at lite av desse midlane vert førde attende til dei åtte herada i konsesjonsområdet vårt.

Me bed difor om at departementet let lokalradioar som Radio Folgefonn få ein post på statsbudsjettet. Viktige argument for løyvingar til lokalradioane og Radio Folgefonn spesielt er dei topografiske forholda (fjell og fjordar) og mangfaldsaspektet i sendingane.

Odda 31.08.05

Randi Fresvik – dagleg leiar og redaktør  
Knut O. Dale – leiar i styret for Radio Folgefonn